

Kulturmiljø av regional interesse i Tysvær kommune

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap(NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Tysvær kommune.....	1
Slåttevik.....	2
Nedstrand.....	5
Leiranger.....	8
Tysværvåg.....	12
Sundførvåg.....	14
Sandsgård.....	17
Muslandsvåg.....	22
Stakland.....	25
Skjoldastraumen.....	28
Hinderåvåg.....	31
Leirå.....	33

Slåttevik

Id	9
Namn	Slåttevik
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Busetting, by- og tettstadutvikling, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	1800-1999
Kjelde	FINK(2004), kulturminneplan for Tysvær(2015)
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl)

Skildring

Slåttevik hadde isfri hamn og vart eit knutepunkt mellom dei ytre og indre delene av Tysvær frå midten av 1800-talet. Med ny nasjonal handelslov av 1842 vart det mogleg å oppretta handelsstader på landsbygda, og Slåttevik vart eit knutepunkt i Tysvær. Thomas Jørgensen kjøpte Slåttevik i 1850 og fekk løyve til å driva landhandel og gjestgjevarstad same år. Det vart med tida både stallar for reisande og bakeri. Landhandelen er i Sefrak omtalt med byggeår ca 1850, og utvidinger i 1910, nytt lagerbygg i 1953-54 og modernisering i 1965 samt på 2000-talet. Same familie driv landhandelen i 2022.

Kaia vart bygd i 1896 av Kornelius Jørgensen, andre generasjons eigar av landhandelen. Slåttevik vart med dette eit knutepunkt for Tysvær mot Kopervik og Stavanger. Fylket overtok kaia i 1907.

Omfang

Miljøet består av den opphavelige landhandelen og lagerbygg/bakeri frå midten av 1900, samt kai. I austt ligg eit sjøhus/bustad frå tidleg 1900 og eit naust som óg inngår i miljøet.

Regional interesse


Miljøet representerer liberalisering av handel på 1800-talet, og har historisk verdi. Den kontinuerlege drifta gjennom 170 år gir miljøet stor kunnskaps- og bruksverdi.

Sårbarheit og forvaltning

Kulturmiljøet er lite, og miljøet er difor sårbart for sjølv mindre endringar som kan vere med på å øydelegge den autentiske handelsstaden. Landhandelen er i stor grad berar av kulturmiljøet sine kvalitetar.



Frå Slåttevik
Kartutsnitt



Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Avgrensing pr. 28.10.2022

Bildevedlegg



Flyfoto av Slåttevik tatt 30. august 1963

Nedstrand

Id	10
Namn	Nedstrand
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Busetting, by- og tettstadutvikling, Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Administrasjon, fellesskap, makt og demokrati, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	Etterreformatorisk tid
Kjelde	Tysvær kulturminneplan(2015), Tysvær bygdebok, Norges bebyggelse
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl), Kulturminneloven

Skildring

Nedstrand var eit knutepunkt i Ryfylke i fleire hundre år, mellom anna som strandstad, tollstad og senter for Ryfylke futeri. Nedstrand låg i Leiranger skipreide og var eigen kommune frå 1837-1965.

Nessa er den eldste og opprinnelege garden i området med spor tilbake til bronsealderen. Gardsnamnet er antakeleg opphavet til namnet Nerstrand, no Nedstrand.

Nedstrand hadde ei god hamn, og plassen blei sentral for handel med trelast frå 1500-talet og framover. I 1630 fekk Nedstrand eigen tollar, og tollstaden bestod fram mot 1680-talet (1567-1687) etter kvart i skarp konkurranse med Stavanger. Tømmeret blei eksportert til Holland, Skottland, Frisland og nordtyske byar. Skipa som sigla med tømmer kom samstundes tilbake med varer frå utlandet, m.a. korn, krydder, brennevin, vin og tekstilar. Det var også skipsverv og gjestgjevarstad på plassen, og mange handverkarar hadde verksemda si på Nedstrand.

Tollbua og fleire heimar blei i 1666 raida av ein skotsk kaper, Thomas Bennett. Tollstaden blei lagd ned i 1686, og innbyggjarane søkte bystatus, noko det ikkje vart noko av, men det budde borgarar på Nedstrand fram mot 1800. Nedstrand hadde i 1665 15 strandsitjarar. Futen på Nedstrand budde på Sandsgård. Kyrkja på Nedstrand ligg i Hindaravåg og vart bygd i 1868 til teikningar av Chr. Fr. Von der Lippe som erstatning for ei eldre kyrkje frå 1656 på omlag på same plass. Før den tid låg det kyrkje både på Nessa og i Hinderåvåg.

Sjøen var før den beste farbare vegen til tettstaden. Nedstrand har hatt dampskipskai og båtanløp frå 1855, seinare ferje med plass til bilar. Snøggbåten "Ekspressen" har òg gått til Nedstrand.

Kulturmiljøet som det ligg er hovudsakleg samansett av bygningar frå siste halvdel av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, men tettstaden ligg langs Stranda og Nessavegen som den må ha gjort på 1600-talet og frametter.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Den gamle tollbua frå 1549 står i eit vernebygg på kaien, dette er Rogalands tredje eldste bevarte trebygg.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar tettstaden sine hus, naust, sjøhus, båtstø, kai og gardsbygningar frå dei to førre hundreåra. Omfanget er noko annleis enn omsynssonen i kommuneplanen.

Regional interesse

Nedstrand er ein av tettstadene i Rogaland med ei svunnen storleikstid knytta til stadlege naturressursar og ei strategisk plassering. Nedstrand var svært sentral då skogen i Ryfylke blei hoggen og selt vidare til Europa. Ressursane er i dag ikkje synlege på same måte, og tydinga som staden hadde på 1600 talet er gløymd. Nedstrand si historie er sentral i forteljinga om Rogaland si fortid særleg på 15- og 1600- talet.

Sårbarheit og forvaltning


Tettstaden er sårbar for nybygging og fortetting. Særleg kontrastfylt arkitektur og store bygg vil verke framandgjerande i samanhengen.

Mesteparten av dei verneverdige bygga er markert med omsynssone bevaring i reguleringsplan for Nedstrand(2020)

Hovudbilde



Flyfoto 02.06.1954



Avgrensning pr. 28.10.2022

Bildevedlegg



Fra Nedstrand

Leiranger

Id	96
Namn	Leiranger
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Administrasjon fellesskap makt og demokrati, Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Krig og konflikt
Periode	Før- og etterreformatorsk tid
Kjelde	Kulturminneplan(2015), Askeladden
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Leirangssøyla er ei godt gøymd naturhamn med eit smalt innløp og ei strategisk plassering i Boknafjorden. Innerst i pollen ligg ei svært godt bevart nausttuft, etter eit av dei største nausta me kjenner til i Rogaland. Naustet har restar av kraftige steinveggar frå mellomalderen og er tilsynelatande bygd på tufta til eit eldre naust frå vikingtid. Garden Leiranger, kor naustet ligg, har vore senter for Leranger Skibrede i fleire hundreår frå mellomalderen av. Naustet har truleg vore ein del av leidangen, det norske kystforsvaret i mellomalderen.

Naustufta er skilta og tilrettelagt.

Rett vest for nausttufta ligg to gravrøyser frå jernalderen, og det er fleire gravrøyser kring kulturmiljøet nord for Leirangssøyla.

Rett ved naustet blei det i 2012 gravd ut resten av eit dekorert sverd frå vikingtid.

På sørvest-sida av Leirangssøyla ligg Varaleite, eit godt bevart og gammalt gardstun som består av våningshus, driftsbygningar, naust og kulturlandskap. Varaleite har både hovudgard og husmannsplass.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar fornminne som naust, leidangshamn og gravrøyser i tillegg til eit gammalt gardsanlegg.

Området tilsvarer omsynssone bevaring i kommuneplan for Tysvær(2015).

Regional interesse

Kulturmiljøet har høg historisk verdi knytt til kystlivet og militær administrasjon i yngre vikingtid og mellomalderen, sær i samband med nausttufta og leidangshamna. Gardsanlegget på Varaleite og det tilhøyrande kulturlandskapet på tunet har også betydeleg regional verdi knytt til landbruk. Gravhaugane, nausttufta og den gamle garden på Vareleite skaper saman ei betydeleg tidsdjupne. Leiranger har også godt potensiale for verdfull formidling av leidangen.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Sårbarheit og forvaltning


Mogleg behov for skjøtsel av naustet for å gjere det meir synleg og forbetre formidlingspotensialet. Gardstunet på Varaleite er sårbart for gjengroing.

Hovudbilde



Nausttufta er synleg i midten av biletet, og er 34 meter lang.

Foto: Stavanger maritime museum



Kartutsnitt per 23.09.2022

Bildevedlegg



Nausttufta og informasjonsskiltet i Leiranger. Foto: Dagfinn Silgjerd



Nausttufta i Leiranger. foto: Dagfinn Silgjerd

Tysværvåg

id	97
Namn	Tysværvåg
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Tradisjon og religion, Landbruk og kulturlandskap
Periode	
Kjelde	Kulturminneplan for Tysvær(2015), Askeladden
Vernestatus	Kulturminneloven, Kulturminneplan

Skildring

Tysværvåg ligg sentralt i Tysvær kommune, i tilknytning til Førlandsfjorden. Sør i området ligg Tysvær kyrkje, ei langkyrkje frå 1852 som vart oppført etter typeteikningar av Linstow. Tysvær kyrkje er listeført av Riksantikvaren. Vest for kyrkja ligg Tysvær prestegard, med tre freda bygningar, deriblant hovudhuset som er oppført i 1848. Nordaust i området finn ein eit førhistorisk gardsanlegg som er automatisk freda.

Kulturmiljøet er godt bevart i eit ope landskap utan særleg utbygging.

Omfang

Området omfattar Tysvær kyrkje med kyrkjestad og gravplass frå mellomalderen, Tysvær prestegard og eit førhistorisk gardsanlegg.

Omfanget dekker tre ulike omsynssonar i kommuneplan for Tysvær kommune (2015).

Regional interesse

Området har historisk verdi som ein sentral stad for gudsdyrking frå mellomalderen. Prestegarden og kyrkja framstår som godt bevarte og interessante representantar for kristendommen i Noreg på midten av 1800-talet. I området har ein i tillegg eit gardsanlegg frå førhistorisk tid som syner området si tidsdjupne.


Sårbarheit og forvaltning

For å bevare bygningsmiljøet knytta til kyrkja og prestegarden i Tysværvågen må bygningane takast vare på.



Tysvær Prestegard

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Sundførvåg

id	99
Namn	Sundførvåg
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
Periode	Før- og etterreformatorsk tid
Kjelde	Askeladden, Sefrak, kulturminneplan(2015), Årbok for Karmsund Årshefte 1961-1965
Vernestatus	Kulturminneplan, Kulturminneloven

Skildring

Sundførvågen ligg inst i Ålfjorden. Her har ein eit naustmiljø som hovedsakleg er frå tidleg 1800-tal. Eitt av nausta er frå 1700-talet eller eldre. Det er ein bautastein på Holmen. Ved utløpet av elva skal det ha stått fleire bautasteinar.

Garden Sundfør har lenge handheva einerett til å stengja fisk i Sundførvågen. På 1900-talet har dei hatt retten til det såkalla "Sundførkastet" inst i vågen, men i tidlegare tider hadde dei hevda denne retten så langt ut i vågen som garden Sundfør åtte. Sundførkastet gav einerett til å fiske med Not inst i den fiskerike Ålfjorden.

Omfang

Avgrensinga følger kommunal bevaring kulturmiljø i kommunal plan. Dette er i nord likt med

"Sundførkastet". Ein rett oppsittarane på garden Sundfør hadde til å stenge av denne delen av fjorden med not for å fiska, følger "høgt" kast. "Rimeleg" kast gjekk mellom Holmen og Sundførvegen 265.


Regional interesse

Naustmiljøet frå 1800-talet er godt bevart og har høg verdi. Bautasteinen på Holmen gjer området stor tidsjupne.



Frå Sundfervåg

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Bildevedlegg



Utsikt utover Sundførpågen.

Sandsgård

id	176
Namn	Sandsgård
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Administrasjon fellesskap, makt og demokrati
Periode	Før- og etterreformatorsk tid
Kjelde	Kulturminneplan for Tysvær (2015), Askeladden
Vernestatus	Kulturminneplan, Kulturminneloven, Omsynssone (pbl)

Skildring

Embetsmannsgård med tilsaman ni bygningar. Hovedbygningen vart freda i 1923 av Riksantikvaren.

Futen Nils Christensen kjøpte garden Sand i 1673 og busette seg der. Garden fekk etterkvart namnet

"Sandsgård" og blei bustad for futane i Ryfylke i nær 200 år. Garden Sandsgård vart kjøpt av futen Christian Lerche Dahl i 1772 og i 1774 bygde han det staselege hovudhuset på garden.

Garden er i dag i privat eige og hovudhuset vert brukt som fritidsbustad.

Kulturmiljøet omfattar også fleire automatisk freda kulturminne, mellom anna ein mindre rest av den gamle kyrkjevegen mellom Nedstrand og kyrkja i Hinderåvåg. Det er sannsynleg at vegen kan daterast tilbake til mellomalderen. Elles er det registrert eit gardsanlegg og fleire gravhauger/røyser frå bronsealder/jernalder innanfor området.

Omfang

Omfattar sjølve garden Sandsgård med bygningane, i tillegg inngår også kulturlandskapet rundt med dyrka ekrer frå Sandgårdsvika og opp til Nedstrandsvegen.


omfanget er utvidet mot vest for å få med rester av mellomalderveien i forhold til omsynssonen markert i kommuneplan for Tysvær(2015)

Regional interesse

Garden har stor identitetsverdi og kulturhistorisk tyding for Nedstrand og Tysvær kommune. Hovudhuset på Sandsgård har nasjonal verdi og er ei av dei mest autentiske og storslegne bygningane i Rogaland frå 1700-talet.



Sandsgård i 2007



Kartutsnitt per januar 2023

Bildevedlegg



Sandsgård sett frå hage (2007)



Sandsgård under restaurering i 2020



Foto av Sandsgård frå 1913.

Anders Beer Wilse, Riksantikvaren

Muslandsvåg

id	212
Namn	Muslandsvåg
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Samferdsel og kommunikasjon, Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Industri og næring
Periode	1800-1899
Kjelde	Kulturminneplan 2015-2025
Vernestatus	Omsynssone (pbl)

Skildring

I Muslandsvåg, ligg ein eldre handelsstad med eit lite bygningsmiljø. Bygningsmiljøet består hovudsakleg av naust frå 1800-talet. I tillegg til nausta er det i området nokre våningshus frå byrjinga av 1900-talet. Aust i området er det ei sag som ligg i bekken som renn frå Skorpevatnet, lenger nord. I tillegg er det ein kai der dampskip kunne leggje til.

Mellom kulturmiljøet i Muslandsvåg og kulturmiljøet Leiranger går rester av den gamle vegen til Nedstrand. Både den svært gamle ridevegen til Nedstrand kirke og hjulveien bygget i 1868, og seinare modernisert.

Omfang

Miljøet er markert med omsynssone i kommuneplan for Tysvær 2015-2027.

Regional interesse

Muslandsvåg har store verdiar når det gjeld kystkultur, fiske, handel, samferdsel og industri. Bygningsmiljøet innerst i vågen framstår som autentisk og godt bevart. Saga i Muslandsvåg er ei av dei siste som er bevart i området.


Sårbarheit og forvaltning

For å bevare kulturmiljøet i Muslandsvåg må bygningane takast vare på.

Eventuelle nye bygningar og tiltak må tilpassast dei eksisterande bygningane.



Frå Muslandsvåg



Kartutsnitt per 23.09.2022

Stakland

id	214
Namn	Stakland
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Minoritetar, Tradisjon og religion
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan for Tysvær 2015, Artikkel "Kvekerhuset på Stakland"
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl)

Skildring

På Stakland i Tysvær finn ein eit særst flott kulturmiljø som kan knytast til kvekarane. Dei fyrste kvekarane som kom til Noreg, var norske sjømenn i 1814. Dei hadde blitt omvende til kvekar-tru av engelske kvekarar då dei var i fangenskap under Napoleonskrigane i Europa (1807-1814). Kvekarrørsla var særleg utbreidd i Rogaland, og dei var særskild mange i området som no utgjer Tysvær kommune.

Kvekarhuset, som ligg sentralt i kulturmiljøet, vart kjøpt i 1867 og nytta som forsamlingsstad med fleire hundre deltakarar samstundes. Det var regelmessige møte i huset fram til 1920-talet. Sør for forsamlingshuset ligg kvekargravstaden, som vart tillaten som gravstad i 1858. Gravstaden er framleis i bruk. Aust for Kvekarhuset ligg garden Stakland, med fire SEFRAK-registrerte bygningar. Tre av dei er gjevne vernekategori A, som er den høgaste vernekategorien. Bygningane på garden vart oppførte av kvekaren Søren Stakland.

Omfang


Kulturmiljøet på Stakland omfattar garden Stakland, Kvekarhuset og kvekarkyrkjegarden på staden. Området samsvarar med omsynssone i kommuneplanen (2015).

Regional interesse

Kulturmiljøet på Stakland har høg kulturhistorisk verdi som det best bevarte kulturmiljøet som kan knytast til kvekarane i Rogaland.



Kulturmiljø frå Stakland med kvekarkyrkjegarden i forgrunnen



Kartutsnitt per 23.09.2022

Skjoldastraumen

id	332
Namn	Skjoldastraumen
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	1900-1999
Kjelde	Kulturminneplan for Tysvær (2015)
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan, Anna vern

Skildring

Kulturmiljøet består av eit sluseanlegg over Skjoldastraumen, som er sjøvegen inn i Skjoldafjorden. Planane om å byggja ein 460 meter lang kanal med kammer-sluse og portar for låg- og høgvatn gjennom eit eid ved Straumsholmen vart lagt fram i 1895. Hausten 1908 stod sluseanlegget ferdig og vart offisielt opna ved at D/S "Karmøy" og Stavangerbåtane "Robert" og "Skjold" passerte gjennom slusa. Slusa er ein av to saltvatns-sluser i Noreg og den einaste som framleis er i aktiv bruk.

I 1932 kom den første brua over straumen og ei svingbru over slusa. Begge bruene vart erstatta i 1987. Den nye brua over slusa er ei vippebru som blir nytta når større skuter eller båtar vil ta seg inn i Skjoldafjorden. Den gamle svingbrua vart restaurert og ligg no vanlegvis i open posisjon.

På høgda like vest for slusene ligg det eit gravfelt med to gravrøyser frå jernalderen.

Omfang


Installasjonar tett langs kanal. Området omfattar utelukkande omsynssone kulturmiljø i kommuneplanen.

Regional interesse

Sluseanlegget i Skjoldastraumen har stor regional- og nasjonal verdi då slusa er ein av to saltvatnssluser i Noreg og er den einaste som framleis er i aktiv bruk. Den gamle, restaurerte svingbrua over slusa er verna av vegvesenet på nasjonalt nivå. Heile kulturmiljøet har særleg regional og nasjonal samferdselshistorisk verdi.



Kanal og sluse i Skjoldastraumen



Avgrensning pr. 30.09.2022

Hinderåvåg

id	334
Namn	Hinderåvåg
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Busetting by- og tettstadutvikling, Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
Periode	1800-1999
Kjelde	Tysvær kulturminneplan(2015), «Tysvær: Slik levde dei»
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Innerst i Hinderåvågen ligg tettstaden Hinderåvåg. Kulturmiljøet i Hinderåvåg består av eit villamiljø som ligg nær kaien på begge sider av vegen som fører til Tveit jordbruksskule. Villaene er hovudsakleg oppførte på byrjinga av 1900-talet og er ikkje SEFRAK-registrerte - med unntak av ein villa på nordsida av miljøet som er oppført på slutten av 1800-talet.

Kaiområdet i Hinderåvåg var eit sentrum for bygda og var knytt til handel, samferdsel og fiske i området. Hinderåvåg er også ei kyrkjebygd og folk frå gardar i området kom som regel med båt inn til bygda. Langs vatnet, heilt sør i miljøet, ligg det ei rekke med naust frå 1800-talet. Fiske var ei vanleg attåttnæring på Tysvær gjennom 1800-talet og starten på 1900-talet. Brislingfiske var ein særleg aktiv og viktig aktivitet i området gjennom 1800-talet og desse nausta har mest sannsynleg vore brukte av fiskarlag som deltok i dette fisket.

Langs bekken mellom nausta og villaene ligg ein viktig Askeskog registrert i naturbase.

Omfang

Kulturmiljøet består av eit villamiljø frå 1900-talet, kaien på Hinderåvåg og ei rekke med naust frå 1800-talet.


Regional interesse

Villamiljøet på Hinderåvåg består av gamle villaer frå 1900-talet og gir kulturmiljøet ein arkitektonisk verdi. Kaiområdet og naustrekka representerer kystkultur og levemåte i Tysvær på 1800-talet, i tillegg til å utheve miljøet si betydelege rolle i handel og samferdsel i området.



Naustrekke i Hinderåvåg.

Kartutsnitt



Avgrensing pr. 30.09.2022

Bildevedlegg



Hinderåvåg.

Leirå

id	459
Namn	Leirå
Kommune	1146 - Tysvær
Tema	Administrasjon, fellesskap, makt og demokrati, Tradisjon og religion
Periode	Før- og etterreformatorsk tid
Kjelde	Kulturminneplan for Tysvær (2015), Nedstrand bygdemuseum. Askeladden, Skjøtselsplan - Leirå 2021-2031
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl), Kulturminneloven

Skildring

Leirå er eit kombinert friluft- og museumsområde søraust for Nedstrand sentrum. Området er tilrettelagt av Tysvær kommune med turveg, rasteplassar, badeplass og volleyballbane.

Nessa gamle skule frå 1863 blei flytta frå Nessa til Leirå i 1989. Skulen er i dag ein del av Nedstrand bygdemuseum sine samlingar. Innanfor miljøet er det også registrert fleire fornminne, blant anna fleire store og fine gravrøyser frå bronsealder og jernalder. To av gravrøysene er skilta, og i 2021 blei dei rydda for vegetasjon av Tysvær kommune. Lengst sør i området finn ein Tonganes fyrlykt.

Omfang

Miljøet omfattar tilrettelagt turområde med gravrøyser langs vestsida av Leirå og Kjøphammar. Vidare omfattar miljøet også området med fornminne mellom Kjeringvika og Stora Sandvika. Miljøet er markert med omsynssone bevaring i kommuneplan for Tysvær (2015)

Regional interesse

Miljøet har særleg verdi som friluftsområde for regionen. Bevarte gravrøyser frå bronsealder/jernalder og gamle Nessa skule gjev bruks- og opplevingsverdi til miljøet.

Sårbarheit og forvaltning

Miljøet vert forvalta i tråd med Tysvær kommune sin skjøtselsplan for området. Kulturlandskapet må haldast ved like, og området er sårbart for gjengroing.

Hovudbilde



Gravrøys på Leirå

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Kartutsnitt

